

Referat frå møte i elevrådet fredag 15-04-16

Alle møtte.

Sak 32 / 15-16 : Godkjenning av referat frå møte 19-02-16

Referatet vart godkjent med denne merknaden til sak 31:

Dersom elevrådet ønskjer at fruktordninga vert starta oppatt, bør elevrådet først undersøkje interessa for denne ordninga.

Sak 33 / 15-16 : Aktivitetskalendar for resten av skuleåret

Alle fekk utdelt aktivitetskalendar, den vert å hengja opp i klasseromma og på oppslagstavlene. Det kan verta endringar.

Sak 34 / 15-16 : « Hopp for hjertet » -aksjon : 26.april – 11. mai

Dette er ein viktig aksjon for å få alle elevane aktive. Elevrådet har oppgåve å oppmuntra til innsats ! Hoppetau og plakatar til 4. – 7. kl. er kome. Martine og André lagar plakat om aksjonen

Sak 35 / 15-16 : Påmelding til Unicef-runden ?

Elevrådet ønskjer at skulen vert påmeldt i år også.

Sak 36 / 15-16 : Aktivitetsleiarar frå 7. kl. i nokre friminutt

Ina og Magnus tek saka opp med kontaktlærar, slik at ordninga kan kome i gong snart.

Sak 37 / 15-16 : Ymse

- A) Det trengst å skifta dekk på tre disser
- B) Det trengst å skifta nett på det eine fotballmålet (mot vest)
- C) Grusen på skuleplassen / i trappene bør kostast vekk